




POLITIET
KRIPOS

NARKOTIKA- OG DOPINGSTATISTIKK 2018

NARKOTIKA- OG DOPINGSTATISTIKK 2018

Generell saksutvikling

Kripos' narkotikastatistikk er ein total, nasjonal statistikk som inneheld både toll- og politibeslag. I 2018 ble det registrert 24 361 saker. Det er ein nedgang på 3,6 % samanlikna med 2017.



Narkotikamarknaden har forandra seg det siste tiåret. Internett, både det mørke nettet, opne kanalar og sosiale medium, har blitt ein omsetnadsarena for illegale rusmiddel. Sjølv om omsetnaden via internett er liten i forhold til den totale marknaden, ser han ut til å vere aukande.¹ Både nye, psykoaktive stoff og tradisjonell narkotika blir omsett på internett.

Ein annan trend som har festa seg gjennom dei siste åra, er at det blir beslaglagt fleire forskjellige stofftypar i ei og same sak. Det gjeld i både brukarsaker og større innførselssaker.

Definisjoner

Ved Kripos bruker vi desse definisjonane:

Sak:

Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Talet på saker er uavhengig av den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetnad og innførsel. Det betyr at ei og same straffbare handling berre er registrert som éi sak ved Kripos.

Beslag:


I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på forskjellige stader og på ulike tidspunkt. Delpakningar med ein og same stofftype reknar vi derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tid og stad.

1 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

Beslagsutvikling for dei enkelte stoffgruppene

Utviklinga i talet på beslag og beslaglagd mengd for enkelte stoffgrupper er kommentert i tekst og vist i diagram under.

Vi presiserer at tala ikkje er heilt sikre. Det er dels fordi om lag to tredelar av narkotikasakene er mindre saker som blir avgjorde med førelegg, utan at stofftypen er verifisert med analyse. Her er omtrentleg mengd og truleg stofftype registrert og lagd til grunn for statistikken. Dels er tala usikre fordi ein del saker frå 2018 ikkje er ferdig analyserte. Generelt ventar vi berre mindre korrigeringar av mengde og sakstal etter kvart som vi verifiserer desse beslaga med kjemisk analyse. Hovudtrendane trur vi ikkje blir påverka.



Fordeling etter talet på beslag i 2018.

Cannabis – mykje hasj med høg styrkegrad

Til saman for hasj, marihuana og cannabisplantar er det beslaglagt 3 012 kg, fordelt på om lag 13 587 beslag. Talet på beslag er omtrent uendra samanlikna med 2017. Det er gjort fleire store hasjbeslag, og dei beslaglagde mengdene er blant dei største nokon sinne. Det har vore ein auke i talet på marihuana-beslag, men mengdene er relativt små sett i eit tiårsperspektiv.

Som elles i Europa² har styrkegraden på cannabisprodukt vore kraftig aukande dei siste åra. Det er berre i svært få beslag at styrkegraden blir bestemd, som oftast i dei største beslaga. Styrkegraden i analyserte hasjbeslag varierer frå 11 % THC til 45 % THC, med typiske verdiar rundt 25 %. I marihuana varierer styrkegraden i analyserte beslag frå 2 % til 19 %, med typiske verdiar rundt 12 %.

Amfetamin/metamfetamin – stadig mindre metamfetamin

Det er til saman beslaglagt 418 kg amfetamin og metamfetamin, fordelt på 5 028 beslag. Talet på beslag har gått jamt ned sidan 2014, og den prosentvise nedgangen er litt større enn nedgangen i narkotikasaker totalt. Samla sett er beslaglagd mengd amfetamin og metamfetamin den lågaste sidan 2012.

For få år sidan blei metamfetamin både hyppigare beslaglagd og beslaglagd i større mengder enn amfetamin. Dette forholdet er no snudd. Metamfetamin utgjer berre 18 % av talet på amfetamin-/metamfetamin-beslag og 7 % av dei beslaglagde mengdene. Det er det lågaste delen sidan starten av 2000-talet.

Foreløpige resultat for 2018 viser ein gjennomsnittleg styrkegrad på 27 % for amfetamin og 32 % for metamfetamin. Det betyr ein auke i styrkegraden på amfetamin og ein reduksjon i styrkegraden på metamfetamin samanlikna med året før.

Kokain – fleire beslag og auka styrkegrad

Det er beslaglagt om lag 98 kg kokain, fordelt på 1 322 beslag. Medan talet på narkotikasaker totalt har vore dalande, har talet på kokainbeslag hatt ein aukande tendens. Frå 2017 til 2018 er auken på om lag 8 %. Mengdene er på same nivået som dei tre føregåande åra. Kokain er det stoffet som blir beslaglagt fjerde hyppigast, etter cannabis, amfetamin og benzodiazepin.

Den gjennomsnittlege styrkegraden har auka betydeleg dei siste åra. Foreløpige tal viser ein gjennomsnittleg styrkegrad på 61 % i 2018.

2 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

Heroin – stabil beslagssituasjon

Det er beslaglagt om lag 50 kg heroin, fordelt på 635 beslag. Etter ein periode med kraftig beslagsnedgang frå 2014 til 2017 er talet på beslag i 2018 uendra samanlikna med fjoråret. Beslaglagde mengder er omtrent på gjennomsnittet for dei siste åtte åra.

Foreløpige resultat viser ein gjennomsnittleg styrkegrad på 15 %, det same som i 2017.

MDMA – enno auke i talet på beslag, spesielt tablettbeslag

Det er beslaglagt om lag 60 400 tablettar og 10,8 kg MDMA-pulver og krystallinsk materiale, fordelt på 1 279 beslag. Talet på beslag har auka kvart einaste år sidan 2010. I løpet av dei fem siste åra er talet på beslag tredobla. Det siste året er auken på om lag 8 %.

Medan pulver og krystallinsk materiale har dominert dei siste åra, har tablettar det siste halvåret utgjort nesten to tredelar av beslaga. Det er beslaglagt om lag 80 % fleire tablettar enn i 2017. Tablettane på marknaden har stadig nye fargar, former og logoar. Pulveret som er beslaglagt, svarer til om lag 92 000 tablettar med tradisjonell styrkegrad 100 mg, og det er omtrent like mykje som dei to føregåande åra.

MDMA, tidlegare gjerne kalla ecstasy, blei så godt som borte frå marknaden i 2009. Det var resultatet av eit vellykka, internasjonalt samarbeid om regulering av PMK, utgangsstoffet for MDMA-produksjon. Når MDMA no er tilgjengeleg som aldri før, er de fordi illegale produsentar har funne nye utgangskjemikaliar og produksjonsmetodar, slik at produksjonen, som i Europa hovudsakleg skjer i Belgia og Nederland,³ er i gang igjen for fullt. Det er både fleire beslag og betydeleg større mengder MDMA no enn då stoffet sist var på topp i popularitet i byrjinga av 2000-talet. Ei rekke av MDMA-beslaga er postsendingar tollvesenet har beslaglagt, der stoffet er bestilt over internett på same måten som nye psykoaktive stoff (NPS).

Styrkegraden i beslaglagt pulver og krystallar er ofte høg, men varierer meir enn tidlegare år. Variasjonane i analyserte beslag ligg mellom 36 og 94 %. Tablettane har gjennomgåande høgare styrkegrad enn i byrjinga av 2000-talet. Den gongen var 100 mg/tablett ganske vanleg. I 2018 er variasjonane i analyserte beslag mellom 99 mg/tablett og 217 mg/tablett.

3 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

Benzodiazepin – enno nedgang i talet på beslag, men større mengder beslaglagde

I 2018 er det beslaglagt om lag 850 000 tablettar med benzodiazepin, fordelt på 4 149 beslag. Talet på beslag har vist ein fallande tendens sidan 2014 og fortset å gå ned i 2018. Samanlikna med 2017 er det ein reduksjon på 11 % i talet på beslag. Beslaglagde mengder er er likevel dei høgste sidan 2014. Klonazepam-, diazepam- og alprazolamhaldige tablettar dominerer.

GHB/ GBL – enno mange beslag, men relativt uendra samanlikna med fjoråret

Totalt blei det beslaglagt 313 liter GHB/GBL, fordelt på 604 beslag. Medan det var ein auke i talet på beslag frå 2016 til 2017 på heile 35 %, har det vore ein meir beskjeden auke på 4 % det siste året. Mengdene er litt under gjennomsnittet for det siste tiåret.

Nye, psykoaktive stoff (NPS) – talet på beslag av potente fentanyl har auka

Generelt har det vore ein nedgang i NPS-beslag dei siste åra, og slike stoff utgjer no rundt 1 prosent av alle beslaga. Beslaga er, som tidlegare år, fordelte på mange ulike stoff, og det er berre få beslag av kvart enkelt stoff. Det er både stoff som er regulerte ved gruppeoppføring eller førde opp med namn på narkotikalista, og stoff som fell utanfor regelverket. Produsentane tilpassar seg raskt lovverket. Nye, uregulerte stoff kjem hyppig til, men mange stoff blir berre beslaglagde nokre få gonger før dei blir borte igjen. Dei stoffa som er hyppigast beslaglagde dei siste åra, er benzodiazepinliknande stoff og syntetiske cannabinoid. Sjølv om talet på beslag har minka, er det all grunn til å åtvare mot bruk av slike stoff, då mange av stoffa er svært potente. Forskjellen mellom rusgivande dose og dødeleg dose kan vere svært liten, og verknaden av stoffa kan vere svært uføreseieleg.

Vi vil spesielt åtvare mot ekstremt potente og farlege fentanylforbindingar. Det har vore aukande beslag av fentanyl, eit legemiddel som er om lag 100 gonger meir potent enn morfin, og som i Noreg blir brukt ved anestesi og til behandling av sterke, kroniske smerter. Det har i tillegg vore beslag av ulike fentanylforbindingar som er laga berre for rusformål. Desse er alle svært potente, visse på linje med legemiddelet fentanyl, og visse mykje meir potente. Karfentanil, som berre er beslaglagt ein gong i Noreg, i 2016, er eit av dei kraftigaste syntetiske opioida som nokon sinne er framstilt, om lag 10 000 gonger sterkare enn morfin.⁴ Fentanyl er i aukande grad årsaka til overdosedødsfall, spesielt i USA,⁵ men òg i Europa.⁶ I Noreg er fentanyl knytt til eit titals kjende overdosedødsfall dei siste tre åra. Fentanyl-forbindingane finst blant anna i væskeform (augedråpe- og nasesprayflasker), pulver, tablettar og som LSD-liknande blotterpapir.

4 <https://oslo-universitetssykehus.no/om-oss/nyheter/advarer-mot-stoffet-karfentanil>, henta 30.01.18

5 <https://edition.cnn.com/2018/07/12/health/fentanyl-opioid-deaths/index.html>, henta 04.08.18



6 <http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/8870/2018-2489-td0118414enn.pdf>, henta 04.08.18

LSD – etter nedgang i 2017 er talet på beslag og beslaglagde mengder tilbake på 2016-nivået


I 2018 er det beslaglagt 11 219 einingar LSD, fordelt på 411 beslag. Det er betydeleg fleire beslag og større mengder enn i 2017, og vi er tilbake på same nivået som i 2016.

Anabole androgene steroid – på same nivået som i 2017


Beslagstala har auka betydeleg etter at bruk og innehav av dopingmiddel blei kriminalisert i juli 2013. I 2018 har det vore 1 202 beslag av anabole androgene steroid, og det er omtrent det same som i 2017. Beslaga består dels av tablettar og kapslar, dels av løysningar i ampullar og hetteglas, meinte for injeksjonar. Testosteron er det stoffet som blir hyppigast beslaglagt.



Amfetamin og metamfetaminbeslag (talet på beslag)







Beslaglagd mengd amfetamin og metamfetamin (kg)








*) Beslag av amfetamin- og metamfetaminbase er rekna om til mengd pulver av normal styrkegrad (30 % er brukt for alle åra).

Styrkegrad amfetamin/metamfetamin (%)









*) Beslaglagd mengd pulver er rekna om til tablettar med 100 mg verkestoff. Vi har teke utgangspunkt i at pulveret har ein styrkegrad på 85 %.

